



Ei av dei fem sjaktene - foto i rapporten frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har no sendt kommunen si endelege uttale om det planlagde bustadfeltet til Actavia Invest i Nedre Halsabrotet og har ingen vesentlege merknadar til planforslaget - med atterhald om det som er nemnt om kulturminne.

I slutten av juni gjorde fylkeskommunen ei registrering utan at det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne (frå før reformasjonen i 1536) eller andre verneverdige kulturminne i området.

Difor har fylkeskommunen ingen avgjerande merknadar med omsyn til kulturminne, men gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd og til straks å melda frå til fylkeskommunen dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne.

I registreringsrapporten blir det opplyst at det vart grove 5 sjakter i planområdet og at alle var negative. Det var ikkje kjend automatisk freda kulturminne der frå før, men i Uskedalen og Kvinnherad generelt er det kjent fleire funn.

- Dette viste potensiale for ikkje synlege kulturminne i det aktuelle planområdet, heiter det i rapporten.

Det vart brukt gravemaskin til å fjerne dyrkingsjorda for å finne spor etter førhistorisk aktivitet, strukturar i undergrunnen.

Slike spor kan til dømes vera stolpehol og veggrillar etter huskonstruksjonar, ulike typar nedgravingar som graver, kokegroper eller eldstader, ardspar etter førhistorisk dyrking eller restar av kulturlag.

I dette området vart det ikkje gjort funn i nokon av sjaktene.

Av Ola Matti Mathisen